

Referat frå årsmøte i FIL-Handball 10.02.2010 kl. 19 – 21.30

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent utan merknader. Av praktiske grunnar, vart sak 10 Sportsleg plan handsama etter sak 3.

Sak 2 Konstituering

Ordstyrar: Eva Moberg

Referent: Bente K. Walaker

Til å skrive under protokollen: Einar Elde og Tore Sørbo

Følgjande personar møtte frå styret: Eva Moberg, Nandor Helgheim, Dagfinn Vik og

Bente K. Walaker. Eksterne deltakarar var i fleirtal, og vi tolka vedtektene slik at årsmøtet då var vedtaksføre.

Sak 3 Årsmelding

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagd årsmelding frå 2009 utan merknader

Sak 4 Rekneskap

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagd rekneskap for 2009 under føresetnad av godkjenning frå revisor.

Sak 5 Revisjon av klubbhandboka

Føreslegne endringar i klubbhandboka vart godkjende med følgjande tillegg:

Dugnad: Omfanget vil variere, men samla gjennom sesongen må ein kunne rekne med

8 – 10 timar, utanom Førde Cup og Romjuls cup som begge er obligatoriske.

Følgjande tekst skal leggest inn i klubbhandboka:

"Dugnad:

I tillegg til treningsavgift er sponsorinntekter, billettinntekter, sal av kaffi/kaker i samband med kampar og dugnadsarbeid handballgruppa sine viktigaste inntektskjelder.

Alle foreldre og føresette som har born med i Førde IL handball, og aktive på senior/junior nivå, må forvente å medverke til handballgruppa sine drift.

Med "handballgruppa" meiner vi både "gruppa" som heilheit og "det enkelte lag". Ein må akseptere å ta på seg planlagde dugnadstimar til drifta av gruppa. Omfanget vil variere, men samla gjennom sesongen må ein kunne rekne med 8 – 10 timar, utanom Førde Cup og Romjuls cup som begge er obligatoriske.

Styret avgjer kvar for dugnad/aktivitet handballgruppa tek på seg i høve gruppa/det enkelte lag. Ved avgjerd om dugnad for gruppa må ein rekne med kollektiv innsats frå alle lag.

Dugnad som det enkelte lag tek på seg har som primærmål å finansiere laget sin aktivitet. Innrapportering og fordeling i samsvar med punkt under pkt 2. økonomi nedanfor.

Årsbudsjett justerer omfang av gruppa og det enkelte lag sin dugnadsinnsats.

Innrapportering og fordeling av dugnad

1. Dugnad som blir teke på seg av gruppa skal ha som mål å skape inntekt til gruppa/felleskapet. Inntekter frå slik dugnad blir fordelt med 80 prosent til gruppa og 20 prosent til dei lag som deltek.
2. Dugnad som blir teke på seg av det enkelte lag har som mål å skape inntekt til laget. Det er imidlertid viktig at gruppa har oversyn over dette og at det blir rapportert inn til gruppa. FIL Handball har plikt til å rapportere all pengestraum som går gjennom gruppa. Inntekt frå slik dugnad blir fordelt med 80 prosent til laget og 20 prosent til gruppa. Innbetaling for dugnad skal skje til gruppa (kasserer opplyser om konti etc.) sin konti. Kasserer står for fordeling og utbetaling i samsvar med dette reglement.

Spelardrakter:

Innkjøp av spelardrakter skal gjerast av materialforvaltar, etter fullmakt frå styret.

Eigendel på spelardrakter er sett til kr. 200,-. Det er gjeve unnatak for minihandballen, som ikkje betaler eigendel.

Lagleiar bestiller draktsett for laget og samlar inn eigendelane. Materialforvaltar deler ut bestilte draktsett når eigendelane er betalt inn samla via lagleiar.

Klubben eig draktene og laget disponerar dei. Det er ikkje høve for spelarane til å trykke eige namm på draktene.

Etter sesongslutt skal lagleiarane samle inn draktsetta og levere desse til materialforvaltar.”

Sak 6 Reglement for godtgjersle

Styreleiar melde seg ugild i denne saka.

Årsmøtet vedtek nytt kompensasjonsreglement med følgjande ordlyd:

«Styreleiar får kompensasjon til ein verdi av kr 5.000 pr år.

Trenarar får fri treningsavgift for 1 barn. Oppmenn får halv treningsavgift for 1 barn (om laget har fleire frivillige med liknande verv, deler desse kompensasjonen mellom seg.»

Vedtak frå årsmøtet i 2008 går ut.

Nytt reglement vert innarbeidd i klubbhandboka.

Sak 7 Kassakredit

Vedtak: Med føresetnad om Førde IL sitt samtykkje gjev årsmøtet styret i Førde IL Handball fullmakt til å opprette kassakreditt på inntil kroner 100.000,-

Sak 8 Budsjett 2010

Vedtak: Årsmøtet godkjenner framlagd budsjett for 2010.

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å fastsetje eigendel på reiser for seniorane.

Sak 9 Kontingentsatsar

Framlegg til vedtak vart godkjent med følgjande endringar:

Kontingent for 12 år: kr 1 500

Følgjande kontingentsatsar og innkrevjingsordning vert gjort gjeldande for sesongen 2010- 2011:

Minihandball: kr 750

10 – 11 år: kr 1 250

12 år: kr 1 500

13 – 15 år: kr 1 800

16 – 18 år: kr 2 000

Kvinner/menn: kr 2 500

Lagleiar/oppmann krev inn kontingenten for spelarane på laget og betaler dette samla inn til handballgruppa. Kasserer opplyser om konto etc.

Sak 10 Sportsleg plan

Vedtak: Sportsplan for Førde IL Handball, datert 18.8.09 og lagt tilgjengeleg på Førde IL si heimeside, vert lagt til grunn som styrande dokument for organisering og prioriteringar knytt til den sportslege satsinga sesongen 2010-2011.

Sak 11 Val

Valnemnda har 1 ny kandidat til styret: Jan Birger Moe (2 år)

Eva Moberg stiller til attval for 2 nye år

Nandor Helgheim stiller til attval for 1 år (erstattar Randi Osmundnes Maheswaran som går ut av styret etter 1 år)

Eva Moberg – vald til leiar for 1 år

Nandor Helgheim – vald til nestleiar for 1 år

Dagfinn Vik – vald til kasserar for 1 år

Alle valde ved akklamasjon.

Ny valnemnd for 2010:

Randi Osmundnes Maheswaran

Anita Bjordal

Følgjande styremedlemmar er ikkje på val:

Dagfinn Vik

Dagrun Kyrkjebø

Bente K. Walaker

Jan Erik Odden

Konstituering av styret for 2010:

Eva Moberg - leiar

Nandor Helgheim - nestleiar

Dagfinn Vik – kasserar

Jan Erik Odden – styremedlem

Dagrun Kyrkjebø – styremedlem

Jan Birger Moe – styremedlem

Bente Kjørstad Walaker – styremedlem

.....
Einar Elde

.....
Tore Sørbo